

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 25.11.2022
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik
SAKA GJELD: **Fordeling av resterande budsjettmidlar i 2022 samt fordeling av midlar i Omgrupperingsproposisjon**

ARKIVSAK: 2022/1092
STYRESAK: **118/22**

STYREMØTE: **07.12. 2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Helse Fonna får tildelt 13 mill. kroner i kompensasjon for auka rentekostnader i 2022 for følge av fastrenteavtale. Kompensasjonen blir ikkje vidareført i 2023.
2. Helse Bergen får auka si basisramme med ein årseffekt på 5,2 mill. kroner relatert til palliativ sengepost. Sum basisramme for denne funksjonen utgjer då 12,7 mill. kroner. I tillegg kommer aktivitetsbaserte inntekter.

Basisramma for 2022 blir auka med 4,3 mill. kroner som svarer til 10 månaders drift.

3. Administrerande direktør får fullmakt til å fordele resterande 26,480 mill. kroner av øyremerkte midlar til Covid 19 til dei private ideelle basert på kartlagt økonomisk konsekvens.

Resterande Covid 19 midlar blir fordelt til helseføretaka som øyremerka midlar (tal i heile tusen kroner):

Helse Stavanger	1 047
Helse Fonna	520
Helse Bergen	1 580
Helse Førde	374

4. TSB i Helse Stavanger

Helse Stavanger får auka basisramma i 2022 med 3,250 mill. kroner for å opprette ei akuttlinje TSB.

5. Auka basisramme i Omgrupperingsproposisjon på 477,4 mill. kroner blir fordelt som følgjer (tal i heile tusen kroner):

Helse Stavanger	133 039
Helse Fonna	66 096
Helse Bergen	200 790
Helse Førde	47 476
Kjøp av helsetenester	30 000

Oppsummering

Helse Vest RHF har i budsjettopplegget for 2022 fordelt hovuddelen av midlar til helseføretaka gjennom Konsernbudsjettsaka frå februar møtet samt sak om Revidert nasjonalbudsjett som blei behandla i junimøtet. Det er likevel nokon forhold som ikkje er tatt endeleg stilling til i dei ordinære budsjettsakane og som administrerande direktør nå ønske å legge fram til behandling i styret.

Dette gjelder følgjande forhold:

- Rentekompensasjon til Helse Fonna
- Verksemdoverdraging palliativ sengepost til Helse Bergen
- Fordeling av resterande Covid 19 midlar til dei private ideelle og eigne helseføretak
- TSB i Helse Stavanger

Regjeringa la den 25. november 2022 fram Nysalderingsproposisjon for 2022 Prop. 19 S (2022-2023) med bl.a. endring av basisramma for dei regionale helseføretaka i 2022. Basisramma for 2022 blir som følgje av dette auka opp med 2,5 mrd. kroner. Dette blir gjort for å sikre at sjukehusa kan forta heilt nødvendige investeringar og for å verne psykisk helsevern. Det er og gitt ei auke i øyremerkta tilskot til behandling av Medevac-pasientar (medisinsk evakuering av pasientar frå Ukraina) med til saman 140 mill. kroner i 2022. Desse midla er ikkje fordelt enno og Helse Vest vil derfor komme tilbake til dette på eit seinare tidspunkt.

Administrerande direktør vil med denne saka legge fram forslag til fordeling og disponering av dei aktuelle midla for 2022.

Kommentarar

1. Rentekompensasjon til Helse Fonna

Det er Helse Vest RHF sitt ansvar å ta stilling til og avgjerd om låna frå staten skal ha fast eller flytande rente. Denne vurderinga blir gjort med basis i vedtatt rentestrategi. Kva rente ein oppnår vil avhenge av kva renteregime lånet er inngått på og tidspunktet for inngåing av fastrenteavtale. Dette kan føre til tilfeldige forskjellar i rentenivå mellom helseføretaka.

Helse Fonna var ferdig med byggetrinn 1 av nye Haugesund Sjukehus tidlegare i år. Tildelt byggelån på samla 1,442 mrd. kroner blei då konvertert til ordinært annuitetslån. I den samanheng måtte Helse Vest ta stilling til om lånet skulle ha flytande eller fast rente. Ut frå ei samla vurdering av situasjonen i rentemarknaden blei det valgt fastrente på 3,37%. Den flytande renta for 2. halvår 2022 er på 1,47 %. Det er venta at flytande rente frå 2023 vil være høgare og at fastrenta vil vere gunstig og gje Helse Fonna føresegnlege rentekostnad framover.

For 2022 vil det derimot vere ein høgare rentekostnad som følgje av at det er inngått fastrenteavtale. Denne avtalen treffer Helse Fonna aleine og administrerande direktør vil derfor tilrå at det for 2022 blir gitt ein rentekompensasjon til Helse Fonna på 13 mill. kroner.

Midlane må dekkast innafor reserven i RHFet. Resultatet i føretaksgruppa blir uforandra av denne tildelinga.

2. Verksemdoverdraging palliativ sengepost til Helse Bergen

Helse Bergen har frå mars 2022 overtatt palliativ sengepost frå Haraldsplass. Det er i den samanheng gjennomført ei verksemdoverdraging frå Haraldsplass til Helse Bergen med tilhøyrande overføring av budsjettmidlar. Etter ein nærmare gjennomgang viser det seg at det er kostnader relatert til infrastruktur (husleige, reinhald, mtu og varekostnader) som ikkje er fanga opp i sin heilskap. Dette utgjer 5,2 mill. kroner på årsbasis. Den samla overføring av budsjettmidlar til basisramma utgjer då til saman 12,7 mill. kroner på årsbasis. I tillegg er det forventa aktivitetsbaserte inntekter.

For 2022 føreslår administrerande direktør å auke basisramma med 4,3 mill. kroner som svarer til 10 månaders drift i 2022

3. Fordeling av resterende Covid 19 midlar til dei private ideelle

Helse Vest har i 2022 fått tildelt 271,2 mill. kroner til kompensasjon for beredskap Covid 19 og 131 mill. kroner som kompensasjon for lågare aktivitetsbasert inntekt som følgje av Covid 19. Midlane blei fordelt i Konsernbudsjettsaka i februar møtet samt i sak om Revidert nasjonalbudsjett i junimøtet. Det vart haldt tilbake 30 mill. kroner som skulle vurderast opp mot konsekvensar hos dei private ideelle og eventuelt resterande del til eigne helseføretak basert på inntektsmodellen.

Rapporteringa frå dei private ideelle viser at den økonomiske konsekvensen av pandemien utgjer 26,480 mill. kroner i første halvår 2022. Tildelinga til dei aktuelle private ideelle vil bli effektuert i eget tildelingsbrev innafor denne ramma.

I tråd med vedtaket frå sak 062/22 Revidert nasjonalbudsjett 2022 blir resterande øyremerka midlar til Covid 19 beredskap på 3,520 mill. kroner fordelt til helseføretaka etter inntektsmodellen.

Dette gir følgjande fordeling til Helseføretaka i heile tusen kroner:

Helse Stavanger	1 047
Helse Fonna	520
Helse Bergen	1 580
Helse Førde	374

4. TSB i Helse Stavanger

Helse Stavanger vil opprette ei akuttlinje for TSB med oppstart 1. november. Årskostnaden for dette vil være på 11 mill. kroner. For november og desember vil dette utgjere 1,850 mill.

kroner. I tillegg vil det vere behov for utstyr og andre eingongskostnader på 1,4 mill. kroner. Basisramma for 2022 blir som følgje av dette auka opp med 3,250 mill. kroner.

Kostnader relatert til 2023 må avklarast som ein del av budsjettprosessen for 2023 og vil bli handtert på eit seinare tidspunkt..

5. Fordeling av midlar i Omgrupperingsproposisjon

Regjeringa ser det som viktig å skjerme velferdsoppgåver i krisetider, og med vanskeleg økonomisk situasjon ta ansvar og bidra til at det økonomiske resultatet for sjukehusa ikkje får dramatiske konsekvensar. I nysalderinga av 2022-budsjettet har regjeringa valt å auke basisramma til sjukehusa i 2022 med 2,5 mrd. kroner.

Dette skal understøtte følgjande forhold:

- Gje rom for heilt nødvendige investeringar og vedlikehald neste år, slik at våre felles helsetenester fortsatt kan gje god velferd uavhengig av adresse og lommebok.
- Sette sjukehusa i betre stand til å følgje opp prioriterte grupper, og i særleg grad psykisk helsevern.

For Helse Vest sin del innebære dette ei auke i basisramma med 477,4 mill. kroner i 2022. Helse Vest vil halde tilbake 30 mill. kroner inntil vidare for å ha handlingsrom til å handtere forhold relatert til kjøp av helsetenester. Hovuddelen på 447,4 mill. kroner blir fordelt til helseføretaka basert på inntektsmodellen.

Dette gir følgjande fordeling av auken i basisramma for 2022 (hele tusen kroner):

Helse Stavanger	133 039
Helse Fonna	66 096
Helse Bergen	200 790
Helse Førde	47 476
Kjøp av helsetenester	30 000

Konklusjon

Administrerande direktør vil med basis i dette saksframlegget tilrå at det blir gjort følgjande tildeling av midlar til 2022:

1. Helse Fonna får tildelt 13 mill. kroner i kompensasjon for auka kostnader i 2022 for følgje av fastrenteavtale. Kompensasjonen blir ikkje vidareført i 2023.
2. Helse Bergen får auka si basisramme med ein årseffekt på 5,2 mill. kroner relatert til palliativ sengepost. Sum basisramme for denne funksjonen utgjer då 12,7 mill. kroner. I tillegg kommer aktivitetsbaserte inntekter.

Basisramma for 2022 blir auka med 4,3 mill. kroner som svarer til 10 månaders drift.

3. Administrerende direktør får fullmakt til å fordele resterande 26,480 mill. kroner av øyremerkte midlar til Covid 19 til dei private ideelle basert på kartlagt økonomisk konsekvens.

Resterande Covid 19 midlar blir fordelt til helseføretaka som øyremerkta midlar (tal i heile tusen kroner):

Helse Stavanger	1 047
Helse Fonna	520
Helse Bergen	1 580
Helse Førde	374

4. TSB i Helse Stavanger
Helse Stavanger får auka basisramma i 2022 med 3,250 mill. kroner for å opprette ei akuttlinje TSB.

5. Omgrupperingsproposisjon

Fordeling av auka basisramme med 477,4 mill. kroner blir gjort etter inntektsmodellen og utgjør følgjande beløp i heile tusen kroner:

Helse Stavanger	133 039
Helse Fonna	66 096
Helse Bergen	200 790
Helse Førde	47 476
Kjøp av helsetenester	30 000